

AVTALE

Mellom

Tarjei Haugen org.nr: 869 329 002 , Fyresdalsvegen 1798, 3870 Fyresdal, som grunneigar og utleiger

Og

**Krossli Singel og Sand AS org.nr: 926 336 304.....(under stifting) som
drivar/leigetakar**

Det er i dag inngått avtale om uttak av masser frå «Kølbøtn», del av eigedomen Gnr. 36, bnr. 2 i Fyresdal Kommune.

1

Krossli Singel og Sand AS, gjevast med dette eksklusiv rett til å ta ut steinmasser for bearbeiding og knusing samt bortkøyring innafor det angjevne området, jfr vedlagte kartskisse og bilag I.

Dei områda som er ferdig uttatt skal vere grovavretta steinsåle, i avtala høgde jfr oppgjeven kote _____ . Opparbeidde plassar skal ha steinsåle ned til fjell eller etter grunneigars ynskje.

2

Krossli Singel og Sand AS betalar i grunneigaravgift kr. 3,85 eks. mva pr. tonn sprengt fjell. Grunneigaravgift for lausmasser er kr. 7,41 eks. mva pr. tonn.

Som Grunnlag for utregning av grunneigaravgift skal det benyttes vegetlar som førast av maskinførar ved opplastning.

Oppgjer til grunneigar skal innbetalast seinast den 15. i den påfølgjande måneden. Kopiar av lastelister skal ligge ved i det økonomiske oppgjeret som dokumentasjon.

3

I tillegg til grunneigaravgift skal leigetakar belastast med ein leigesum stor kr. 11857,75 eks. mva pr år som betalast uoppfordra til grunneigars kontonummer 2694.05.01511 innan 1.5 kvart driftsår.

Framleige av avtala er ikkje tillate utan grunneigars samtykke.

4

Avtala skal gjelde for ein periode på 10 år, med rett til forlenging. Prisane indeksregulerast kvart år per 1/1.

Leigekontrakten kan av leigetakar seiast opp med 12 månaders oppsigelse.

Ved opphør av leigeforholdet pliktar leigetakar å fjerne alle sine eigedelar samt avvikle på forsvarleg måte i hht gjeldande bestemmelser i forhold til sikring av skråningar, gjerder etc.

Leigetakar skal i forhold til drifta ta hensyn til eventuelle begrensingar i dispensasjonen som er gjedd frå kommunedelplanen for Fyresdal sentrum. Dispensasjonen skal ved leggst avtala som bilag II.

5

Leigetakar forplikter seg til å fylgje driftsplanen for uttaket. Forholdet til driftstider, vedlikehald av utstyr og nødvendige sikkerhetstiltak spesielt ved bruddkanter skal overhaldast. Nødvendig skilting og eventuell inngjerding av området er leigetakar sitt ansvar. Driftsplan, bilag III.

6

Drivar/leigetakar har rett til å hogge og fjerne det trevirke som er nødvendig for drifta. Hogging skal avtalast med grunneigar. Drivar/leigetakar har som ein del av avtala ansvar for vegvedlikehaldet frå masseuttaket og fram til RV 355. Drivar skal sørge for at det til ein kvar tid er farbar køyreveg gjennom området.

7

Drivar/leigetakar har rett til å plassere nødvendig utstyr på området. Alt maskinelt utstyr skal vere transportabelt. Leigetakar har i tillegg til knuseverk rett til å plassere asfaltverk og/eller betongverk på området.

8

Ved vesentleg forandring i leigeforholdet, så har begge parter rett til oppsigelse med 1 månads varsel.

9

Kvar av partane held sine interesser forsikra. Dette gjeld for denne avtala leigetakars utstyr og installasjonar. Eventuelle fast installasjoner må avtalast med grunneigar før etablering.

Grunneigar har rett til en spesialpris på uttak til eiga bruk.

Ved vesentleg misleghald har partane rett til å heve avtala. Dersom ikkje leige eller tilleggsytelser blir betalt jfr. § 13-2 3. ledd (a) i tvangsfullbyrdelseslova.

Leigetakar vedtek at tvangsfråvikelse kan krevjast når leigetida er utløpt, jfr. § 13-2 3. ledd (b) i tvangsfullbyrdslova.


10

Stad, FYNESDAL, dato 3/1 -2021


11

Denne avtala er underskrive i to likelydande eksemplarer, eitt til kvar av partane.


Utleiger/grunneigar:



Leigetakar:


v/ Jørn Helge Krosshi

Bilag; kartskisse I, Dispensasjon frå kommunedelplan II, Driftsplan III.



Drittsplan for
steinbrot 36/2
i Fyresdal
Grunneigar:
Tariel Haugen



1:2000